

Tormod Stauri  
Høgskolen i Hedmark, avd. for lærarutdanning og naturvitskap,  
Postboks 4110,  
Bedriftssenteret  
2306 Hamar

*I tråd med retningslinjene for prosjektet “Grammatikk- og nynorskferdigheiter – ein samanheng”, der det heiter at det skal utarbeidast rapport om korleis prosjektet har vore gjennomført i hausthalvåret 2006, sender eg med dette inn følgjande undervegsrapport. Punkta under er dei som Nynorsksenteret har tilrådd brukt i rapporten:*

### 1. Prosjektansvarleg.

Prosjektansvarleg for heile prosjektperioden er høgskolelektor Tormod Stauri, fast tilsett sidan 1992 ved Hamar lærerhøgskole, frå 1994 Høgskolen i Hedmark.

### 2. Deltakarar i prosjektet

Så langt har deltakarane vore studentane ved Norsk årseining, språkleg modul A, haustsemesteret 2006, i utgangspunktet 29 studentar. Av desse er det om lag 20 som har møtt til undervisninga i språkmodulen, og følgeleg òg til mine skriveøktar i prosjektet, lagde til undervisninga i “praktisk språkbruk”, som nemnt ovanfor. Som kontrollgruppe i prosjektet har eg studentane på Norsk 2, “språkmodulen”, med 13 studentar, som ikkje har vore med i skriveøktene.

### 3. Mål, tidsrom og omfang for prosjektet.

Målet med prosjektet er formulert i prosjektsøknaden:

**“Målet med prosjektet er å finne ut om kunnskap i tradisjonell skolegrammatikk, særleg når det gjeld verb- og substantivmorfologi, i kombinasjon med skrivning av digitale “småtekster” og grammatisk funder respons, kan ha nokon effekt på ferdigheitene i nynorsk, slik dei blir manifesterte til individuell skoleeksamen (4-5 timar).”**

Eg har gjort ei lita endring, etter samråd med rettleiaren, nemleg å tone noko ned at dette skal vere digitale tekster. Skrivninga er gjort som del av undervisninga i éin av emnebolkanene, “praktisk språkbruk”, som tidlegare nemnt, individuelt og utan hjelpemiddel.

Responsen min til arbeidsøktene har dels vore gjort “for hand” ved at eg har korrigert avvika i teksten til studentane. Studentane har fått att svara sine om lag ei veke etter skriveøkta, og da har eg lagt ved eit eige ark til kvar enkelt der eg har gitt grammatiske forklaringar på eit utval avvik som eg fann mest nærliggjande å kommentere. Nesten utelukkande har det vore avvik i verb- og substantivmorfologien eg har konsentrert meg om i kommentarane, sidan desse to områda av grammatikken er utheva i målformuleringa for prosjektet.

Studentane har fått kvar arbeidsoppgåve lagt ut digitalt same dag som skriveøkta var, og med “fasit”. Kombinasjonen av ikkje-digital og digital arbeidsmåte trur eg har fungert etter

den tanken eg hadde med den, nemleg at studentane skulle få høve til å drive etterarbeid ved å samanlikne deira eigne svar med dei svarframlegga eg hadde lagt ut på undervisningsnettstaden deira.

Gruppene skal opp til om lag same type skriftleg-eksamen haust 2006. Halvparten av svara vil vere på nynorsk i begge gruppene, og eit slikt tekstkorpus burde derfor vere relevant når ein skal fastsetje og samanlikne den morfologiske dugleiken gruppene i mellom. Studentane i kontrollgruppa (Norsk 2) har ikkje hatt noko kursing i nynorsk i haust, men hadde eit “tradisjonelt kurs”, med underteikna som lærar, i vårhalvåret 2006.

I inneverande veke, veke 49, er det skriftleg-eksamen for begge gruppene, Norsk årseining og Norsk 2. I Norsk 2 er det 13 studentar som skal opp, medan det er om lag 22 i årseininga.

#### 4. Oppnådde resultat.

Føreløpig kan eg rapportere følgjande, sidan eksamenssvara enno ikkje er klare til å bli undersøkte: Kvar av dei seks skriveøktene har vore på 45 minutt, utan hjelpemiddel av noko slag. Øktene har vore jamt fordelt frå 2. september til 23. november.

I den første skriveøkta bad eg først om at studentane skulle nemne ordklassene, for deretter å greie ut om om ordklassene substantiv, verb og adjektiv. Tanken bak var å få ei kartlegging heilt i starten av språkstudiet. Resultata frå testen samsvara godt med det fleire av studentane uttrykte etterpå, at ordklassekunnskapen var det så som så med etter fleire år borte frå skolebenken.

I dei resterande skriveøktene ønskte eg å fokusere på ferdigheiter og kunnskapar i nynorsk-morfologien:

I den andre skriveøkta fekk dei sine 45 minutt til å omsetje ein tekst frå bokmål til nynorsk, ein tekst utvikla av kulturavdelinga i Oppland fylke, og som eg hadde til “nynorsk-vask” I den trede var det snakk om å rette opp ein nynorsktekst der verb- og substantivbøyinga hadde mange avvik frå norma. Poenget bak denne eigenproduserte teksten var å få med flest mogleg av dei morfologiske avvika som ein finn hos studentar i desse to ordklassene. I den fjerde økta var det på nytt ei omsetjing frå bokmål til nynorsk, denne gongen ein tekst frå Statens vegvesen: “Om EU-kontroll av køyretøy.”

I dei to siste skriveøktene, økt fem og seks, fekk dei å arbeide med morfologien meir spesielt. I den første av desse to tok eg utgangspunkt i Vesaas' *Fuglane*, og tok ut av teksten eit knippe ordformer av verb og substantiv, og gav i oppgåve å fylle inn rett form i tråd med grammatiske instruksjonar: Døme: “Hege (*pusle* i preteritum)\_\_\_\_\_ inne hos seg, så kom ho ut.

I den siste skriveøkta, den sjette, gjekk eg motsett veg, og lét studentane identifisere ordformer. Eg henta teksten frå Ionescos skodespel *The Bald Soprano*, i omsetjing ved Per Olav Kaldestad (LNU/Cappelen 1995).

Studentane hadde sans for denne “spissinga” av skriveøktene, og sa etterpå at dei hadde hatt størst problem med øvinga der dei skulle finne nynorskforma ut frå instruksjonar, slik eg har i dømet med Vesaas-teksten ovanfor.

## 5. Refleksjon over arbeidet med prosjektet

Til det organisatoriske: Eg hadde i utgangspunktet ikkje tenkt å trekkje inn Norsk 2-studentane som kontrollgruppe, men valde å gjere det sidan eg såg det som ein fordel dess fleire studentar eg trekte inn. Kontrollgruppa kunne fort bli for lita om eg skulle ha den i årseininggruppa. Eg var redd prosjektet ville bli sårbart på denne måten, noko som sannsynlegvis var ei rett vurdering, sidan det i snitt har møtt 17 studentar til kvar skriveøkt. Det er eit tal eg kan seie meg godt nøgd med, men det har vore godt å ha med alle på årseininga som prosjektgruppe. Det er litt variasjon når det gjeld kven som har møtt, men ikkje større variasjonen enn at eg har fått ei god "stamme" som har vore med alle fem gongene.

Til det faglege: Som sluttdel i siste skriveøkta, sjette økta, fekk utforskningsgruppa (=årseiningstudentane) i sluttoppgåve å reflektere rundt arbeidet i nynorskøktene denne hausten. Eitt av dei fire spørsmåla var om dei hadde forstått den grammatisk funderte responsen som eg hadde gitt til kvar av øktene, på same måten kvar gong. Eit gjennomgåande trekk ved svara på dette punktet er at dette er ein uvand måte for dei å få respons på i nynorskarbeid. - Det andre som kjem fram, er at dei har sett stor pris på å få ein slik respons sidan den er så grundig, og konsentert rundt dei same grammatiske fenomenen frå skriveøkt til skriveøkt.

Neste semester, vår 2007, er det eit anna klasstrinn som står for tur, med ei utforskningsgruppe på 25-30 studentar, som er éi av tre parallell-grupper første året i allmennlærerutdanninga. Det er mykje arbeid som står att, men eg har følgd oppsett plan for arbeidet, med dei justeringane er har nemnt ovanfor som gjeld storleiken på utvalet av studentar. Prosjektet skal munne ut i artikkelstoff omkring emnet for prosjektet, men med ei utviding i retning undervisning i sidemålsnorsk i forhold til didaktiske perspektiv når gjeld framandspråksundervisning.

Hamar, 4. desember 2006

Tormod Stauri  
høgskolelektor